



Innført i skulen: Maaïke Visser sin metode for lese- og skriveopplæring blir no innført i Ål-skulane. Åtte år gamle Tor-Ove M. Langehaugen nytta metoden i 2007. (Arkivfoto)

Lydfargemetode inn i Ål-skulen

■ Lokalt utforma lese- og skrivemetode

■ Ål fyrst ute

Ikkje berre dyslektikarar får nytte godt av metoden gologingen har utvikla for lese- og skriveopplæring.

Line Sandvik
ls@hallingdolen.no

Gründer Maaïke Visser frå Gol har hatt ein formidabel framgang med lydfargemetoden. Dyslektikarar har fått god hjelp i si lese- og skriveopplæring. Innvandrarar som skal lære seg norsk har også fått hjelp via metoden. Og ungene på Spikkestad barneskole har gått i bresjen og lært seg å lese og skrive – ved hjelp av metoden utvikla av Visser.

Fyrste kommune

No innfører Ål kommune, som fyrste kommune i landet, lydfargemetoden i si generelle lese- og skriveopplæring. I klassane ved Nedre-Ål skule, Leveld skule og på Torpo skule skal etter haustferien starte opp den generelle lese- og skriveopplæringa ved hjelp av lydfargemetoden til Maaïke Visser.

Attendemeldingar frå Spikkestad skole fortel at lydfargemetoden har gjort læringa lettare. Elevane har hatt større framgang og faktisk gleda seg

til timane med lydfarge. Metoden skal vere spesielt gunstig for den svake eleven, men sterke elevar får også utfordringar. Det handlar om å lære på ein annan måte, og koma bort frå det som ikkje fungerer. Erfaring syner at elevane sjølv blir nøgde og at situasjonen heime og på skulen betrar seg. Forsking syner at det å jobbe med det fonetiske, altså lyden, er eit betre hjelpemiddel. Å lære gjennom fargar, lyd og bevegelse er lettare enn på den konvensjonelle måten.

Enkelt og genialt

Oppvekstsjef Eldgrim Springgard i Ål kommune er svært positiv til lydfargemetoden som metodikk for generell lese- og skriveopplæring. Og spesielt for å få med seg dei svake elevane. Han tykkjer Visser har synt at det er eit ypparleg verktoy.

– Dette vil me teste ut for alle. Det passa godt for oss no. Me har akkurat hatt eit prosjekt om betre læring. No set me fokus på tidleg innsats. Det er viktig at alle elevane meistrar språket og knekkjer lese- og skrivekoden. No har me eit konkret prosjekt å jobbe med, seier Springgard. Attendemeldingane frå lærarar som har vore på kurs med lydfargemetoden, har vore veldig positive.

– Kva fekk dykk til å satse på lydfargemetoden?

– Det verka overbevisande.

fakta: Lydfargemetoden

- Utvikla for barn og vaksne med dysleksi.
- Utnyttar våre visuelle, analytiske og romlege eigenskapar i lese- og skriveopplæring.
- Lær å lese gjennom eit system med fargekodar. Der kvar farge symboliserer ein lyd.
- Metoden er og tilpassa innvandrarar som skal lære norsk.
- Spikkestad barneskole har

sist skuleår nytta lydfargemetoden i generell lese- og skriveopplæring. Med stor suksess.

■ No innfører Ål kommune lydfargemetoden i den generelle opplæringa.

■ Maaïke Visser frå Gol står bak metoden. Ho har etablert selskapet Fargerike Norsk. Les meir på www.lydfarge.no

Enkelt og genialt. Og ein metode som fungerer for dyslektikarar, fungerer jo også for alle, svarar Springgard.

Utfordringar

Springgard poengterer at mange kommunar har utfordring med elevar som slit med å knekke lese- og skrivekoden. Stor pågang til PPT-tenesta og mykje ekstra ressursar går til å hjelpe elevar langt oppover i klassetrinna. Å innføre lydfargemetoden kostar også, men skulesjefen trur det skal lønne seg i det lange løp.

– Me ser på dette som eit tidleg tiltak som kan dempe behovet for spesialundervisning seinare. Og mange fleire får forhåpentleg hjelp av metoden. Med det resultatet og erfaringane Maaïke Visser har, kjenner eg meg trygg på at dette kan bli eit vellykka prosjekt. Ein viktig føresetnad er sjølv-

sagt at me har fagfolk i klasserommet som har tru på dette. Me har også lagt opp til ei innføring i metodikken for foreldra. Lydfargemetoden fordrar til foreldreengasjement. Eg trur foreldra vil oppfatte dette som meningsfylt og enkelt å setje seg inn i, slår Springgard fast.

Skulane på Sando og Skatetbøl, og ungdomsskulen i Ål, skal teste ut lydfargemetoden i eit tilpassa opplegg for elevar ein trur kan ha nytte av det. Ifølgje skulesjefen vil prosjektet i Ål-skulane halde fram også neste skuleår.

– Dette kan bli noko mange har nytte av. Det å oppleve meistring er viktig. Atferdsproblematikken i skulen er ofte knytt opp mot elevar som opplever frustrasjon ved ikkje å mestre. Å ta vekk den frustrasjonen, vil ha betydning for både eleven og heile skulemiljøet, avsluttar han.

- Utruleg spennande

Lydfargemetoden har nådd ein milepæl.

Lydfargemetoden vart utvikla då Maaïke Visser sin eigen son sleit med å lære seg å lese og skrive.

– Hadde du trudd at så mange i ettertid skulle få god hjelp av metoden?

– Nei, aldri. Men metoden er stadig vorte plukka opp. Det er utruleg spennande, fortel ho og tykkjer det er flott at Ål kommune no satsar på dette.

Lærarar frå Ål-skulane skal på kurs hjå Visser 19. og 20. august. Og etter haustferien er det klart for elevane å starte opp.

– Kurs, rettleiing og materiell skal på plass. Eg har nok å gjere no, fortel ho. Sakte men sikkert er lydfargemetoden vorte levebrødet hennar.

– Det har gått litt opp og ned, men omsetninga er dobla kvart år sidan eg starta, fortel ho. I fjor hadde ho store investeringar, mellom anna i dataprogram. Ho har lært veldig mykje undervegs. Ikkje berre har ho laga ein heilt ny metodikk for lese- og skriveopplæring, ho har også starta eiga bedrift. Med god hjelp frå Hallingdal Etablerersenter og Innovasjon Norge.

– Kva betyr det for bedrifta di at Ål kommune no vel å satse på lydfargemetoden?

– Utruleg mykje. Det er ei flott marknadsføring for meg. Når ein kommune satsar, kjem kanskje fleire etter. I tillegg betyr det inntekter. Og så håpar eg på at det blir forska på lydfargemetoden etter kvart. Eg har kontakt med Universitetet i Oslo, fortel Visser. Det viktigaste er likevel alle dei som får hjelp til lettare å lære og lese og skrive.

– Lydfargemetoden er delvis førebyggjande. For elevar som elles ville ha strevd. No kan ein oppdage lese- og skrivevanskar tidlegare og så tilpasse opplæringa, påpeikar ho.

Visser har to gonger fått stipend frå Innovasjon Norge. Ho er også registrert som ei såkalla inkubatorbedrift hjå Driv Inkubator som er eigd av Høgskolen i Buskerud. Visser var også «Årets gründer» i Hallingdal i 2008. Ho samarbeider med Dysleksiforbundet, og i lag med Nedre Buskerud Dysleksiforbund startar ho skule for å utdanne pedagogar og foreldre slik at dei igjen kan lære bort metoden til elevar som slit med dysleksi.



Gründer:
Maaïke Visser.